

Audun Rundhovde og Heidi Molvik Rundhovde
Postboks 49
5291 Valestrandsfossen

Valestrand, 16. september 2016

Osterøy kommune

Merknad til Områdeplan Valestrand, sak nr. 14/556.

Vi overtok gnr 135, bnr 9 på Rundhovde for knapt to år sidan, etter at eigedomen hadde vore eigd i felleskap i Audun sin familie sidan besteforeldra døyde for rundt femti år sidan. Gamlegarveriet (bnr 16) frå 1860, det eldste garveriet ved Valestrandsvågen, som ligg i det same bygningsmiljøet, er også ein del av familieeigedomen. Audun sin bestefar dreiv – som to generasjonar før han hadde gjort det frå den første starten i 1835 – garveri. Vi kjem tilbake til bakgrunn, istandsetjing og planar for eigedomen lengre nede.

Områdeplanen omfattar m.a. garveri- og naustmiljøet på Rundhovde, samt områda ovanfor og påverkar vår eigedom i stor grad:

- Det er teikna inn ei omlegging av vegen ned til garveriområdet. Den innteikna vegen går over bakken vår på sida av og nedanfor løa (ved BKB11) og gjer at denne marka ikkje kan nyttast til andre føremål. Vegen kjem også mykje nærare inn mot tunet på eigedomen enn det den eksisterande vegen gjer, slik at vi får asfalt tett på austsida av tunet.
- Den nedre delen av hagen og bakken nedom løa (merkt BKB11) er tenkt brukt til parkering i tillegg til veg ned til garveriområdet. Dette vil i stor grad øydeleggja heile hagen og miljøet rundt det gamle huset ved at vi får asfalt på sørsida (mot sjøen).
- Det er lagt inn parkering på BKS06 som på vår eigedom omfattar mesteparten av innmarka på oppsida av fylkesvegen. Dette vil igjen vera svært skjemmande for kulturmiljøet rundt tunet på eigedomen og gir oss asfalt på nordsida.
- Den delen av innmarka vår på oppsida av fylkesvegen som ikkje inngår i BKS06 er sett av til «anlegg og rigg». Det er vanskeleg å sjå for seg at dette kan ha nokon positive sider for oss. Rundt innmarka på oppsida av fylkesvegen er det gamle steingardar som bør takast vare på, utan at dette er nemnd i planen.
- Framfor Gamlegarveriet er det teikna inn gangveg i tre (BAS03). Her er det frå gamalt av båt plass og bryggje, som stadig ligg der. Sjølv om dette har vore lite brukt dei siste åra, er det noko vi vil nytta oss av. Planen nemner ikkje at eksisterande rettar skal ivaretakast.
- Nausthaugen (mesteparten av BKB09) er sett av til «forretning, kontor, offentleg- og/eller privat tenesteyting, bustad, forsamlingshus, overnatting, bevertning og museum», medan toppen av haugen (merkt som «G») er sett av som grøntområde. Nausthaugen er omfatta av motsegn frå Riksantikvaren til Reguleringsplan Timberdalen frå 2007.

I sum ser vi at kommunen planlegg at storparten av området like rundt tunet på vår eigedom skal brukast til anten veg, parkering eller riggområde og at kulturverdiane som er der vert rasert. Dette er blitt klart verre samanlikna med den førre utgåva av planen, der mindre areal var tenkt lagt under asfalt. I den oppdaterte planen ser vi at det frie, grøne arealet rundt hus og tun er kraftig redusert samanlikna med utkastet som var til handsaming i formannskapet i vår. Det verkar som kommunen i namnet ynskjer å bevare, men at ein «heller barnet ut med badevatnet», slik at lite autentisk vil vera

att i vårt område om planen, slik han no er framlagt, vert sett ut i livet. Planen ser heller ikkje ut til å ta omsyn til eksisterande rettar for tilkomst til sjøen ved Gamlegarveriet.

Det er ikkje urimeleg at delar av området etter kvart skal kunna nyttast til bustadbygging, men dette må kunna skje utan at ein skal leggja asfalt for å rydda plass til bilar på alle kantar av huset og tunet. Om det kommunen kallar «utvikling» inneber rasering av det meste gamle, ser vi ikkje verdien av dette.

Vi vil på det aller sterkaste oppmoda kommunen om å endra utforminga av planen for området som ligg rundt gnr. 135, bnr 9 på ein måte som tek vare på kulturverdiane rundt garveri- og naustmiljøet. I garverimiljøet må det vera naturleg at ein også tek med hus og hageanlegg som er bygd i samband med gode tider i garverinæringa. Dette inneber at ein ikkje må øydeleggja store areal med å etablera vegar, parkering og riggområde, og heller ikkje lata nye tiltak øydeleggja for gamle rettar til tilkomst til sjøen.

Bakgrunn

Bustadhuset på egedomen vart bygd i 1919-1920 for pengar frå garveridrifta i dei gode tidene under og like etter første verdskrigen. Både huset og hagen rundt skilde seg ut frå det som var vanleg på Valestrand på den tid. Arkitektur, interiør (utforming, møblar, fargevalg) og utforming av hage og uteområde heng tydeleg saman og er gjennomført som del av ein felles og heilskapleg plan. Det er gjort svært få endringar av denne heilskapen i dei snart 100 åra som er gått og store delar av opphoveleg eksteriør, interiør (med møblar) og hage er framleis intakt. Dette ser vi som et stykke kulturhistorie som det er svært viktig å ta vare på.

Etter at vi overtok, har vi brukt store ressursar på å setja huset i stand. Sidan huset i svært liten grad har vore endra etter at det var nytt, set vi det forsiktig i stand med tanke på at huset i stor grad blir likt slik det var då det var nytt i 1920. På denne måten prøver vi å ta vare på eit flott, nesten hundre år gammalt hus som står i det opphovelege miljøet.

Vi vil gjerne skriva nokre ord om bevaringsprosjektet vårt, slik at det er lettare for andre å forstå kva det går ut på og kor omfattande arbeid vi gjer for å ta vare på eit hus og miljø som sjølv i 2016 framleis står fram som ein tidstypisk garverieigarbustad anno 1920. Utgangspunktet for arbeidet er at det ikkje vert fjerna ei list eller annan opphoveleg detalj i huset utan at vi har ein svært god grunn for å gjera det. Så langt har vi mellom anna sett i stand opphoveleg innreiing på kjøkenet, lokale handverkarar har utvida denne ved å laga tilleggsinnreiing som kopi av den gamle, opphovelege møblar, lampar og vedomnar er restaurert, vasskadd tapet i bestestova er rekonstruert og produsert på nytt, eit stort vindaugs- og dørfelt i jugendstil fra bestestova er til restaurering no, ulike typar listverk er kopiert og produsert på nytt for bruk dei stadene det seinare har vore brukt uoriginale lister, omfattande fargeanalysar er gjort og lagt til grunn for maling av veggareal langt på veg i samsvar med opphoveleg fargesetjing, lerretstak og -veggar er omstendelig restaurert og malt opp att, og dei to skorsteinane er innvendig rehabilitert medan dei karakteristiske, murte pipehattane er bygd opp att, så huset har fått behalda uttrykket. Sinkdekke på altanen utanfor hovudsoverommet i andre etasje er skifta ut på tradisjonell måte.

Huset og egedomen elles er ikkje freda, men dei er klart bevaringsverdige. Når arbeidet vi held på med inne no nærmar seg å bli ferdig, er neste fase i prosjektet å setja i stand uteområdet. Hagen er tidstypisk med symmetriske grusganger og balustrade rundt den indre hagen. I området nedanfor løa har vi sett for oss frukthage, ikkje asfaltert veg. Nedanfor flaggstonga har vi sett for oss bærbuskar, ikkje parkering. Vi ser det som vår oppgåve å setja egedomen i stand for å ta vare på eit uttrykk for historia som ligg bak oss. Drivkrafta er respekt for tidlegare generasjonar og eit ynskje om å gi det

vidare til dei som kjem etter oss. Då må det vera rom både for oss og dei fire borna våre og deira framtidige familiar. Asfaltering av hagen gir ikkje motivasjon for å halda fram, når det heilskapelege miljøet vert borte og bilane kjem til på alle kantar. Vi har allereie investert det meste av det vi eig og har i eigedomen og vil gjerne halda fram å bevare alle delane.

Om ein skal taka vare på minna om garveribygda Valestrand med mange garveri rundt vågen, må ein sikra at heile miljø vert tekne vare på der det er mogeleg, ikkje berre enkeltdelar. Mykje av det gamle som var Valestrand er borte, det bør ikkje bli mykje meir.

Med helsing

Audun Rundhovde (s) og Heidi Molvik Rundhovde (s)

Kopi:
Osterøy Sogelag
Osterøy Museum
Hordaland Fylkeskommune, Kulturavdelinga
Riksantikvaren